



Austrheim
KOMMUNE

Austrheimmodellen

Stipend, rekruttering og

tilsettordninger

Versjon 1.1.

Innhold

1.	Innleiing.....	3
2.	Stipend, rekruttering og tilsettordningar	3
2.1.	Redusert husleige i kommunal bustad	3
2.2.	Etableringspakke for nyutdanna og nytilsette.....	3
2.3.	Konkurransedyktig løn.....	4
2.4.	Stipend under utdanning	4
2.5.	Stipend for etter- og vidareutdanning.....	4
2.6.	Fullmakt.....	4
2.7.	Stipendordningar lærarstudentar	4
2.8.	Stipendordningar sjukepleiarstudentar.....	5

1. Innleiing

Vi tilbyr varierte økonomiske ordningar og tiltak for rekruttering av personar til særskilde yrke, slik som sjukepleiarar, undervisningspersonell, psykologar, ingeniørar og andre stillingar der det er ein krevjande marknad.

Ordninga er meint til å gjere kommunen meir attraktiv som arbeidsgjevar og få nyttilsette til å busetja seg i kommunen.

Det er også mogleg for tilsette å søkje om støtte til etter-/vidareutdanning, både etter denne ordninga og etter vedteken strategisk kompetanseplan for Austrheim kommune.

2. Stipend, rekruttering og tilsettordningar

Vi tilbyr følgjande ordningar:

2.1. REDUSERT HUSLEIGE I KOMMUNAL BUSTAD

Redusert husleige for alle nyttilsette som ordninga gjeld for, dei to fyrste åra etter tilsetjing.

- 50% reduksjon i leiga fyrste året
- 25% reduksjon andre året

Gjeld per husstand for leige av kommunal bustad eller tilsvarande som kommunen rår over, ved busetjing i Austrheim.

Går ein til anskaffing av eigen bustad, så fell tilskotet bort.

2.2. ETABLERINGSPAKKE FOR NYUTDANNA OG NYTILSETTE

Etableringspakke på kr 25.000,- under føresetnad av busetjing og folkeregistrering i Austrheim for nyutdanna og nyttilsette mot binding for 2 års aktiv teneste. Ved eventuell avslutning av arbeidstilhøvet før dei 2 åra er gått, lyt ein høvesmessig del av etableringspakka betalast attende, ved permisjon utan løn vert bindingstida forlenga tilsvarande.

2.3. KONKURRANSEDYKTIG LØN

Konkurransedyktig løn samanlikna med alle andre kommunar i Vestland.

Lønsnivå i dei einskilde stillingane skal fastsetjast ved tilsetjing, ved ordinære, lokale tingingar og årleg lønsregulering i samsvar med Hovudtariffavtalen på KS-området, kapittel 3, 4 og 5, samt etter særskilte tingingar i samsvar med Hovudtariffavtalen kapittel 4.2.2 og 5.3.

2.4. STIPEND UNDER UTDANNING

Stipend kr 20.000,- pr år for nest siste og siste utdanningsår mot binding for 2 års aktiv teneste.

Ved eventuell avslutning av arbeidstilhøvet før dei 2 åra er gått, lyt ein høvesmessig del av stipendet betalast attende, ved permisjon utan løn vert bindingstida forlenga tilsvarande.

Ordninga gjeld òg for sjukepleiarstudentar som ikkje nyttar ordninga i punkt 8.

2.5. STIPEND FOR ETTER- OG VIDAREUTDANNING

Stipend inntil kr 10 000,- pr semester for etter- og vidareutdanning. Dette skal vera ei ordning for tilsette som ynskjer utdanning som ledd i ei personleg utvikling, både i eksisterande stilling og kvalifisering til anna stilling i kommuneorganisasjonen. Bindingstid vert sett frå 0,5 til 2 år. Ved permisjon utan løn vert bindingstida forlenga tilsvarande. Avbryt ein eller flyttar før bindingstida er avslutta, lyt ein betala attende høvesmessig del av stipendet.

2.6. FULLMAKT

Kommunedirektøren får fullmakt til å nytta desse tiltaka også i andre samanhengar når situasjonen krev det. Slike saker vert referert for formannskapet fortløpande.

2.7. STIPENDORDNINGAR LÆRARSTUDENTAR

Stipend inntil kr 15 000,- per semester for lærarstudentar som har fullført tredje årsstudium, mot at dei bind seg til å arbeida for kommunen i minst to år etter ferdig utdanning.

Ved eventuell avslutning av arbeidstilhøvet før dei 2 åra er gått, lyt ein høvesmessig del av stipendet betalast attende, ved permisjon utan løn vert bindingstida forlenga tilsvarande.

Stipendordninga gjeld for dei som tek lærarskulen for trinna 1.-7. eller 5.-10.

2.8. STIPENDORDNINGAR SJUKEPLEIARSTUDENTAR

Austrheim kommune har innført ei stipendordning for sjukepleiarstudentar, mot at dei bind seg til å arbeida for kommunen i minst eitt år. Ordninga inneber arbeid kvar tredje helg, samt minimum 6 veker i sommarferien. Arbeidet vil gje ei månadleg lønskompensasjon på kr 4 000,-, totalt kr 48 000,- pr. år.

Fastsett og gjeldande frå 01.01.2023.

Fastsett i AMU xx.xx.2022

Fastsett i ADM xx.xx.2022

Fastsett i KS xx.xx.2022

Versjon 1.1.